



BREMANGER KOMMUNE
Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	30.01.201 4	017/14	TOM
Formannskapet	06.03.201 4	028/14	TOM
Kommunestyret	20.03.201 4	016/14	KVF

Avgjerd av: Saksansv.: Karl Vidar Førde	Arkiv: K2-K60	Arkivsaknr.: 13/2829
--	-------------------------	--------------------------------

Deltakelse i prosjektet - Aktiv forvaltning av marine ressursar- Lokalt tilpassa forvaltning

Dokumentliste:

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	11.09.2013	Bodvin Torjan	Eventuell deltakelse i prosjekt "Aktiv forvaltning av marine verdier - en lokaltilpasset forvaltning"
1	I	09.12.2013	Havforskningsinstituttet	Deltakelse i prosjektet - Aktiv forvaltning av marine ressursar- Lokalt tilpassa forvaltning
3	U	31.01.2014	Bodvin Torjan	SV: Prosessbeskrivelse "Aktiv forvaltning"

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Vedtekter for næringsfondet i Bremanger

Kva saka gjeld:

Å ta stilling til om Bremanger kommune ønskjer delta i prosjektet «Aktiv forvaltning av marine ressursar – lokalt tilpassa forvaltning» og finansiering av eigendel ved ev. deltaking. Det er Fiskeridirektoratet etter innstilling frå Havforskningsinstituttet som godkjenner deltakarkommunar.

Bakgrunn for saka:

Torjan Bodvin presenterte innhaldet i prosjektet for kommunestyret den 14.11.2013. På bakgrunn av positive signal frå kommunestyremedlemmene har kommunen motteke brev frå Havforskningsinstituttet (datert 09.12.2013) med invitasjon om deltaking i prosjektet som går over 7 år, der dei to første er omfattar kartlegging av status, medan dei 5 neste omfattar kontrollert forvaltning av dei aktuelle områda. Deltakinga vil medføre eit kommunalt bidrag på mellom 220.000,- + mva (sekundærkommune) og 320.000,- + mva. (primærkommune) pr. år i prosjektperioden. Delar av den årlege kostnaden kan dekkast inn med praktisk bistand og liknande. i prosjektet, men minimum kr. 100.000,- + mva. er føresett dekkast som pengebidrag frå kommunen. Årleg ramme for prosjektet i oppstartfasen er ca. 2,4 millionar kroner.

Saka dreier seg om å ta stilling til om kommunen ønskjer å delta i prosjektet, om kommunen ønskjer å vere primær, eller sekundærkommune og korleis vi ev. skal finansiere den kommunale deltakinga.

Saksutgreiing:

Forskningsprosjektet, som vert basert på uttesting av soneplanlegging, byggjer på behovet for ein heilskapleg og økologisk planlegging og forvaltning av det marine miljø basert på lokal forankring. Prosjektet skal evaluere forbods- og evalueringsoner for å styrke bestanden av utvalde marine nøkkelartar i eit i eit økosystemperspektiv. Det skal samlast inn data før, under og etter at tiltaka vert gjennomført. Utviklinga i bevaringsområda må samanliknast med utviklinga i referanseområde som ikkje har same restriksjonar på menneskeleg aktivitet. Då det er store forskjellar i både økosystem og utnytting av de langs kysten skal det etablerast eit nettverk av forbods- og bevaringssonar i ein nord-syd akse i dei fire økoregionane Skagerrak, Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet.

I alle primærkommunane vil det bli etablert ein forbodssone som dekker verifiserte gyteområde for kyst-/fjordtorsk som felles måleart for kommunane. Utover kyst-/fjordtorsk vil kommunane kunne velje målartar i ei viss utstrekning.

Føremålet er å auke verdiskaping frå ressursane over tid, utnytte lokal kunnskap og lokalt engasjement, avklare arealbruken og forhindre konflikhtar, studere effekten av menneskeleg påverknad på økosystemet og minimere dei negative sidene av forbods- og bevaringssonar.

Prosjektet er organisert i forhold til økoregionar og er ein del av forskningsprogrammet «Kystsonesystemer». Fiskeridirektoratet er prosjekteigar og Havforskningsinstituttet ved Torjan Bodvin er hovudprosjekt-leiar.

Som deltakarkommune vil Bremanger, i tillegg til bidra med delfinansiering i heile prosjektperioden, ha ansvar for følgjande aktivitetar:

- I samarbeid med Fiskeridirektoratet/UiT delta i organisering av folkemøte
- Delta i distribusjon og innsamling av spørjeskjema vedk. dagens bruk av sjøareala
- Gjennomføre lokal høyring av forslag til soneinndeling med bakgrunn i prosjektet sitt framlegg
- Behandle framlegg til soneinndeling og forskrift politisk
- I samarbeid med Fiskeridirektoratet syte for merking av vedtekne soner samt gjere informasjon om sonene tilgjengeleg for aktuelle brukarar.

Kva kommunen får gjennom deltakinga i prosjektet:

- Med basis i intervju og spørjeskjema skal det utarbeidast GIS-baserte kart over dagens bruk av kommunen sine sjøareal. Informasjonen skal vere tilgjengeleg både for brukargrupper og heile befolkninga. Her vil ein og legge inn innbyggjarane sine ønskje om framtidig bruk av sjøareala.

- Utvalde naturtypar i «Nasjonalt program for kartlegging av marine naturtyper» skal kartleggast og verdisetjast. Data skal gjerast tilgjengeleg via DN si Naturbase og Fiskeridirektoratet sine karttenester
- Det skal utarbeidast ei verdisetjing av aktivitetane sine/habitata sine økosystem-verdiar. Data vil bli brukt i ein konfliktanalyse der ein søker område med høg naturverdi der dei samfunnsmessige kostnadene er låge.
- Der det er muleg vil prøvetakingsprosedyrar og utvalde parameter bli tilpassa slik at innsamla data kan nyttast i høve til krava i Vanndirektivet.
- Formidling av aktivitetar og resultat i media som kan linkast til kommunen sine eigne informasjonskanalar
- Kommunen vil bli visningskommune for eit nytt, nasjonalt kartleggingsprosjekt, Kyst-MAREANO.

I primærkommunane vil det bli utarbeidd detaljer botnkart, inklusiv botntype for heile kommunen. I sekundærkommunane vert dette i utgangspunktet gjort i soneringsområda.

Karta kan nyttast som grunnlag for lokalisering av oppdrettsanlegg, legging av kablar og rør etc.

- Strømmodell, inkl. botnstrøm for heile kommunen
- Eksporeringskart basert på ein nyutvikla eksporeringsmodell som inkluderer effektar av både vind og havbølgjer (dønning)
- God oversikt over kva tilstanden til dei utvalde måleartane er i
- Kostnadsfritt tilbod om å delta i samband med etablering av «Strømkatalogen», eit nasjonalt prosjekt for tilgjengeleggjing av strømdata for lokal og regional forvaltning.

Bakgrunn for at Bremanger er invitert inn i forskingsprosjektet er at ein har brei kunnskapsbasis om marine verdiar i kommunen, vi har gytefelt og oppvekstområde for fjordtorsk, vi har menneskeleg påverknad på dei marine ressursane (aktiv bruk av sjøarealet). Vi har tilgjengeleg infrastruktur (aktivt fiskerimiljø), og det har vore gjeve signal om interesse både frå kommunen og fylkeskommunen. Fylkeskommunen si deltaking er ein føresetnad for at Bremanger kan bli med. Fylkeskommunen sitt årlege bidrag er budsjettert med kr. 500.000,-.

Det vert elles vist til presentasjon i kommunestyret 14.11.2013.

Vurdering:

Berekraftig forvaltning av dei marine ressursane er svært viktig for Bremanger kommune. Og at vi no får mulegheit til å delta i eit forskingsprosjekt som gjev kommunen grunnlag for god planlegging av arealbruk med fokus på økt verdiskaping over tid, er såleis interessant. I tillegg vil sjølve forskingsaktivitetane kunne skape positive ringverknader for lokalt næringsliv og tilgjengeleg informasjon/data vil og kunne verte interessant i t.d. reiselivssamanheng og undervisning. Dersom kommunen skal vere med i prosjektet, er det viktig å vere klar over forventningane som blir stilt til kommunen utover det reint økonomiske. Og skal ein lukkast, er det ein føresetnad at vi får ein god prosess m.o.t. val av soner og forskrift for desse.

Når det gjeld status som primær- eller sekundærkommune, så meiner eg det bør søkjast om deltaking som primærkommune. Dette gjev ein heilskapleg kartlegging av kommunen sitt sjøareal, noko som vil vere svært nyttig i samband med utarbeiding av overordna arealplan.

M.o.t. finansiering, så meiner eg føremålet med prosjektet – å forvalte dei marine ressursane våre på ein måte som aukar verdiskapinga over tid og sikre de også for dei komande generasjonane, forsvarar dekning over næringsfondet, jf. dei overordna målsettingane i gjeldande næringsplan om å sikre og auke vediskapinga i kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Bremanger kommune søker deltaking i prosjektet «Aktiv forvaltning av marine

- ressursar – lokalt tilpassa forvaltning» som primærkommune.
2. Kommunen sin eigendel, kr. 320.000 + mva. vert finansiert over næringsfondet, kto. 251 5032.

.....

30.01.2014 Formannskapet

FSK-017/14 Vedtak:

Saka vert utsett i påvente av uttale frå Fiskarlaget.

.....

06.03.2014 Formannskapet

FSK-028/14 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Bremanger kommune søker deltaking i prosjektet «Aktiv forvaltning av marine ressursar – lokalt tilpassa forvaltning» som primærkommune.
2. Kommunen sin eigendel, kr. 320.000 + mva. vert finansiert over næringsfondet, kto. 251 5032.

.....

20.03.2014 Kommunestyret

KST-016/14 Vedtak:

1. Bremanger kommune søker deltaking i prosjektet «Aktiv forvaltning av marine ressursar – lokalt tilpassa forvaltning» som primærkommune.
2. Kommunen sin eigendel, kr. 320.000 + mva. vert finansiert over næringsfondet, kto. 251 5032.

.....